



Møte i Ytre Sogn vassområdeutval og høyringsmøte 28.januar.2015

Arbeidet med forvaltningsplanen som no er på høyring har vist at løysinga med 50 % prosjektleiarstillingar i vassområda i Sogn og Fjordane ikkje er ei optimal løysing. Halve stillingar gjer mindre fokus, meir ad hoc jobbing og svært ulik framdrift i vassområda. Når me no går inn i ei ny fase av arbeidet med Vassdirektivet meiner vassregionmynda at det vil vere meir tenleg med prosjektleiarar i 100 % stilling, og har i haust difor arbeida med å få etablert eit samarbeid mellom vassområda Sunnfjord og Nordfjord. På same måte ynskjer vassregionmynda no å avklare med kommunane i Indre og Ytre Sogn om det er grunnlag for å etablere ei felles prosjektleiarstilling også for desse to vassområda.

Ytre Sogn vassområde inviterer difor til møte i vassområdeutvalet **onsdag 28. januar 2015 kl. 10:00 – 12:30**

Agenda:

- Velkomen
- Revidert prosjektplan
- Vidareføring og finansiering av prosjektleiarstillinga i Ytre Sogn Vassområde
- Høyring av regional forvaltningsplan og tiltaksprogram,

Lunsj kl. 12.00 – 12.30. Ber om attendemelding om kven som stillar innan **24. januar**.

Kl. 12.30 – 14.00 har me høyringsmøte for den Regionale planen for vassforvaltning for Sogn og Fjordane, og opnar møtet då for alle interesserte. Sektorstyresmaktene gjer ei kort presentasjon av kva dei ynskjer innspel på i forvaltningsplanen og tiltaksprogrammet, og det er ope for spørsmål. Invitasjon er sendt til referansegruppa.

Saksdokument sendast ut i løpet av veke 4.

Med helsing

Marte Conradi
prosjektleder